



## Fylkesstyret:

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar		95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar		48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem	Til 16.45	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem		41518991	hfraf@broadpark.no
Audun Skjervøy, 6210 Valldal	Styremedlem		99579175	audun@storstova.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	1. vara	FORFALL	99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Janne Mork, 6530 Averøy	2. vara	Møtt	90030329	janne.mork@svorka.net
Solveig Linge Stakkestad, 6210 Valldal	Fylkesleiar BKL	FORFALL	95856643	solveig@linge.bz
Kari Haugen, Nygata 10, 6002 Ålesund	Fylkesleiar BU	FORFALL	97171623	haugenkari@live.no
Petter Melchior, 6214 Norddal	3. vara	Møtt-17.30	92283477	petter.melchior@c2i.net
<b>Sekretariatet:</b>		<b>Tlf. arbeid</b>		
Gunnar K. Wentzel,	org.-sjef	71202897	90729582	gunnar.wentzel@bondelaget.no
Arild Erlien - Til 16.45	org.-konsulent	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad	sekretær	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

## Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag og møte for årsmøteutsendingane til Norges Bondelag torsdag 10. juni 2010 kl. 11.00 – 18.00 på Jordbærstova i Valldal

Styret var frå kl. 11.00-13.00 på synfaring i Valldal; fruktlageret på Linge, orientering om frukt- og bærproduksjon på Linge ved Signe Brenna og Nils Eldar Linge, besøk og orientering om Hjelme samdrift ved Knut Hjelme og Nils Jarle Hjelme, og innom garden til Audun Skjervøy.  
Styremøtet sett kl 13.40.

### 1/2010 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend.

### 2/2010 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 19. mars 2010

**Vedlegg i eigen bunke**

**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 19. mars 2010 godkjend.

### 36/2010: Jordbruksforhandlingane 2010 – oppsummering og vidare arbeid

#### Telefonmøte med fylkesstyret tysdag 27. april 2010 kl 20.30.

Tema: 1 Jordbrukets krav som vart lagt fram same dag kl 12.00.

2 Kort om aksjonsberedskapen

#### Telefonmøte med fylkesstyret fredag 7. mai 2010 kl 21.00.

Tema: Statens tilbud, som vart lagt fram tre dagar forseinka. 15. mai vart det semje mellom Norges Bondelag og staten om ny jordbruksavtale. Småbrukarlaget braut forhandlingane 14. mai.

**Styret i Norges Bondelag har gjort slikt Vedtak:** Den framforhandlede jordbruksavtalen for 2010/2011 godkjennes.

**Protokolltilførsel fremmet av Einar Frogner:** Clara Hveem, Anders Klaseie og Einar Frogner stemte for tilførselen.

”Ei jordbruksavtale med sterke elementer av omfordeling, som ikke tetter noe av inntektsgapet til andre grupper, ikke engang gir ei kroneutvikling som andre, er i utgangspunktet ikke akseptabelt. Derimot er prinsippet om overgang fra prosenttoll til kronetoll meget viktig. Tilbudet om prosenttoll er i realiteten et diktat om å enten inngå avtale eller ikke å oppnå dette prinsippet. Denne framgangsmåten fra Regjeringa for å få gjennom jordbruksavtala, uten å tilby ei anstendig inntektsutvikling for

#### Bondelagets Servicekontor AS

<b>Postadresse:</b> PB 2047 Moldegård 6402 Molde	<b>Besøksadresse:</b> Fannestrandveien 63. Molde	<b>Telefon:</b> 71 20 28 90	<b>Mobil:</b> 907 29 582	<b>E-postadresse:</b> More.romsdal@bondelaget.no
<b>Møre og Romsdal Bondelag</b>	<b>Org.nr.:</b> 939678670	<b>Bankkonto:</b> 3980.07.11308	<b>Internet:</b>	
<b>Bondelagets Servicekontor AS</b>	<b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b> 8101.05.91392		www.bondelaget.no/moreogromsdal

store deler av jordbruket, vitner om manglende tilstrekkelig vilje til å satse på norsk jordbruk. Samtidig setter dette Bondelagets forhandlingsutvalg i en håpløs situasjon. Ut fra en helhetsvurdering velger vi å ta den framforhandla avtala til etterretning.”

### **Info-tiltak og arbeidet med jordbruksforhandlingane i fylkeslaget:**

**Stand på FK-veka i Molde 14. – 16. april:** Fylkesbondelaget hadde stand alle tre dagar. Frå styret/kontoret deltok onsdag: Arild Erlien, Anne Turid Myrbostad og Atle Frantzen, torsdag: Anne Turid Myrbostad, Arild Erlien og Gunnar Wentzel og fredag; Anne Katrine Jensen og Gunnar Wentzel.

**Kontakt med politikarane:** Fylkeslaget har vore i kontakt med nokre fylkespolitikarar og stortingsrepresentantar om forhandlingane.

### **Kontakt med media den dagen staten sitt tilbod vart lagt fram:**

For å få størst merksemd og få fram synspunkt om tilbodet i media, vart det lagt opp til at alle avisredaksjonar i Møre og Romsdal skulle kontaktast så snart det lot seg gjere å kome med kommentarar på statens sitt tilbod. Fylkeskontoret sette opp ei ”ansvarsliste” for alle lokal- og regionavisene i fylket.

**Fleire fylkestyremedlemmer og lokallagsleiarar fekk gode oppslag etter kontakt med redaksjonen** med synspunkt på tilbodet, og også fokus på landbruket sitt krav og at jordbruksforhandlingane no var i gang. Når målet for mykje av Bondelaget sitt informasjonsarbeid er å få oppmerksomheit og å vise reaksjonar overfor motparten. Då var dette ein effektiv og lite arbeidskrevjande ”aksjon”.

**Fylkesleiar og organisasjonssjef hadde 23. mars møter i Oslo med 4 stortingsrepresentantar på Mørebenken kvar for seg:** Jenny Klinge (Sp) og rådgjevar Maren Lunde, Rigmor Andersen Eide (KrF) med rådgjevar Marit Brandt Lågøy, Oskar Grimstad (Frp) og Else-May Botten (Ap).

### **Pressemelding 09.04.2010: - Forbrukarane får eit fantastisk tilbod**

Medan daglegvarekjedene freistar kundane med låge prisar, vil norske bønder fortelje heile historia om norsk landbruk. Når du legg mjølk og brød i handlekorga, får du levande bygder, arbeidsplassar og kulturlandskap med på kjøpet. Forbrukarane får eit fantastisk tilbod frå norske bønder, seier leiar i Møre og Romsdal Bondelag, Inge Martin Karlsvik, Eide, i ei pressemelding.

### **Informasjonsaksjonen onsdag 14. april – Norsk landbruk meir enn berre låge prisar**

På bøndene sin årlege aksjonsdag onsdag 21. april delte Bondelagsmedlemmer ut si eiga kundeavis ”Landbruket – meir enn berre låge prisar” foran daglegvarebutikkar og andre sentrale stader i kommunane over heile fylket.

Avisa fortalde alt vi får på kjøpet når vi handlar norsk mat: arbeidsplassar i distrikta, vakkert kulturlandskap og grunnlag for titusenviis av arbeidsplassar. Sjølve aksjonen var retta mot forbrukarane for å fortelje historia om 50.000 bønder over heile landet som utnyttar lokale ressursar til å produsere mat i verdsklasse for eiga befolkning. Meir enn 50 prosent av maten vi spis kjem frå ferske råvarer til over 2.000 matprodukt.

Totalt 20 lokale bondelag bestilte aksjonsmateriell, og avisa vart utdelt i 17 kommunar i fylket. Aksjonsdagen gav god mediaomtale i papirutgaver og på nettsider. Fylkeslaget registrerte oppslag i Tidens Krav, Aura Avis, Driva, Trollheimsposten, Nordvestnytt, Romsdals Budstikke, NRK Møre og Romsdal radio og TV, Vestnesavisa, Bygdebladet, Øyavis, Møre-Nytt, Møre, Synste Møre, Nærnett-Volda.

Biletglimt og presseoppdrag om aksjonen frå Møre og Romsdal lagt ut på heimesida. **Vedlegg i eigen bunke**

I Ålesund stilte nestleiar Birgit Kjerstad og styremedlem Audun Skjervøy saman med lokallaga i Haram, Ørskog, Skodje og Giske på stand i Ålesund sentrum og på Moa.

Ørskog Bondelag sendte eige skriv saman med avisa til lokalpolitikarane i kommunen. **Vedlegg.**

Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik deltok på miniseminar i Molde og på stand på Averøy.

### **Miniseminar under FK-veka i Molde onsdag 14. April 2010 kl. 10.30 – 11.30**

Bondelagets miniseminar i kantinefeltet under Felleskjøp-veka i Molde onsdag 21. april samla eit 30-tals tilhørarar. Tema for seminaret var ”landbruket – meir enn berre låge prisar”, det same som for Norges Bondelags informasjonsaksjon over heile landet denne dagen.

Innleiarar : Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik. Styreleiar i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal og bonde Oddveig Gikling-Bjørnå. Leiar i Møre og Romsdal Bondelag Inge Martin Karlsvik.

Møteleiar: Styremedlem i Møre og Romsdal Bondelag Anne Katrine Jensen.

### **Heimeside 14.04.2010: Matproduksjon er meir enn berre mat!**

Mat er meir enn berre mat. I Norge dannar matproduksjon grunnlaget for det landet vi er glad i, glad å reise i og som i fleire år er kåra til verdas beste reisemål. Det dannar grunnlag for infrastruktur og busetting over heile lan-

det, og grunnlag for meir enn 100.000 arbeidsplassar som er avgjerande for økonomi og tenestetilbod i svært mange kommunar. Det sa fylkesleiar i Møre og Romsdal Bondelag, Inge Martin Karlsvik, på Bondelagets miniseminar under Felleskjøp-veka i Molde onsdag med eit 30-tals tilhørarar.

#### **Heimeside 28.04.2010: Bøndene krev låginntektstillegg og målretta Vestlandspakke**

Leiar i Møre og Romsdal Bondelag, Inge Martin Karlsvik, seier bøndene sitt krav har som hovudmål å betre økonomien i mjølkeproduksjonen og få eit låginntektstillegg. Trass i at produksjonen på gardane er dobla det siste tiåret, medfører kostnadsauken at årsinntekta framleis er på det halve av andre grupper.

#### **Heimeside 05.05.2010: 18 ordførere i fylket ber om krafttak for landbruket**

18 ordførere i Møre og Romsdal var med i det landsomfattende ordføreroppropet for landbruket. Totalt 212 ordførere over heile landet står bak oppropet, som torsdag 6. mai overleveres statsråd Lars Peder Brekk i Landbruks- og matdepartementets lokaler. - Som representanter for en rekke sårbare landbrukskommuner i landet, henstiller vi til vår rød-grønne regjering om å gjøre et krafttak for landbruket nå. Norge trenger egenproduksjon av mat, et levende kulturlandskap og levende bygder, heter det i oppropet.

De 18 ordførerne i Møre og Romsdal som har signert oppropet, er:

**Arbeiderpartiet:** Gudny Fagerhol, Ørsta, Bjørn Inge Ruset, Norddal, Oddvar Harry Myklebust, Sandøy, Ståle Refstie, Sunndal, Mons Otnes, Surnadal, John Ole Aspli, Rindal.

**Høyre:** Rolf Jonas Hurlen, Nesset

**Venstre:** Jarle Haga, Averøy

**Senterpartiet:** Ragnhild Aarflot Kalland, Volda, Modolf Hareide, Skodje, Torbjørn Rødstøl, Rauma, Knut Sjømæling, Gjemnes, Ola Rognskog, Halså, Ingunn Oldervik Golmen, Aure

**Kristelig Folkeparti:** Jan Helgøy, Vanylven, Jan Kåre Aurdal, Sykkylven, Knut Støbbakk, Giske, Kjell Lode, Fræna.

#### **Heimeside 14.05.2010: Ikkje godt nok så langt**

Regjeringa lagar seg mykje arbeid neste år når det er lokalval. Vilja til å tette inntektsgapet er ikkje tilstade. Når halvparten av ordførarane våre har engasjert seg viser det at dei ser kva landbruksnæringa betyr som økonomisk drivkraft og for miljøet i kommunane. Regjeringa må tenkje gjennom om dette tilbodet er godt nok til å få norsk mat på bordet og rekruttering av desse unge til dei arbeidskrevjande produksjonane i distrikta

#### **Pressemelding 15.05.2010: Jordbruksavtale viktig for Møre**

- Mot alle odds har vi fått en jordbruksavtale som gir betre importvern for norsk mjølk. Dette er heilt avgjerande for økonomien til dei som driv med mjølk. Vi har fått til ei viss auke i budsjettmidlar slik at husdyrhald og beitebruk over heile landet blir stimulert. Men regjeringa har ikkje gått med på å gi bøndene same kronetillegg som andre grupper i år eller noko låginntektstillegg. Difor meiner vi Soria Moria ikkje er oppfylt, seier leiar Inge Martin Karlsvik i Møre og Romsdal Bondelag.

Avtala har ei ramme på 950 mill kr, derav heile 375 mill kr over budsjett.

#### **Møre og Romsdal og Vestlandet gjennomslag for:**

Mjølkk prioritert ved prosenttoll, auka driftstillegg og likt for alle i Sør-Norge, og pris + 13 øre.

Grovfôrbaserte produksjonar prioritert auka husdyrtillegg og beitetillegg. Vestlandet ikkje eiga sone.

Bratt areal inn i nasjonale føringar for Regionalt Miljøprogram – og blir i M&R f o m 2010!

Ikkje gjennomslag for ”Vestlandspakke” som:

Bondelagets krav om ekstra investeringpakke utanom avtala fikk ikkje gjennomslag, men fylkesvise BU-midlar bedriftsretta auka samla med 31,5 mill kr. Utlånsramma rentestøtte uendra.

Ingen partar har fremma krav om auka distriktstillegg.

#### **Melding frå leiaren til våre stortingsrepresentantar i Næringskomiteen framfor handsaming avtala 29.5.:**

Vi vil gjøre dere spesielt oppmerksom på at vi ikke kan se at jordbruksavtala inneholder noen målretta tiltak overfor Vestlandslandbruket. Dette trass i at faglaga krevde en egen investeringspakke på 100 mill kr årlig for grovfôrbasert husdyrhald over statsbudsjettet utenom jordbruksavtala for områder med spesielle utfordringer. Dette ble særlig knyttet opp mot nedgangen i jordbruksareal i drift der de tre Vestlandsfylka er på topp sammen med Finnmark og Troms. Videre har Landbruks- og matdepartemenet i flere år skrevet at en er særlig bekymret over utviklingen i Vestlandslandbruket. Dette truer oppfyllelse av viktige nasjonale mål. (Jfr også vår nedenstående beskrivelse av utviklinga.)

Vi vil derfor be dere vurdere å medvirke til at det blir gitt noen føringar for særskilte tiltak for Vestlandsfylka.

*Spesielt til H og Frp i Næringskomiteen:*

*Jeg vil oppfordre våre representanter fra Høyre og Fremskrittspartiet om å se svært positivt på at Norges Bondelag i år igjen har valgt å inngå en slik matforsynings- og utviklingsavtale med det norske folk, og at dere kan slutte dere til avtalen! For bare 13 mrd kr over budsjett oppfyller landbruket viktige samfunns mål.*

*Bevilgningen til den øvrige del av "det norske forsvaret", forsvarsbudsjettet, er tre ganger så stor.*

*Det norske folk spiller for 24 mrd kr - eller omtrent det som verdien av samla målpriser i jordbruksavtalen utgjør.*

*I tillegg kommer naturligvis at matprisene med 14 % matskatt og som lønninger og alt annet i Norge ligger høyere enn i nabolandene – men det er ikke bonden som stikker av med pengene.*

Næringskomiteen bør vise til at både faglaga og departementet har uttrykt særskilt bekymring for utviklinga i landbruket i de tre Vestlandsfylka.

Effektivitetsutviklinga og nye driftsmåter er en spesiell utfordring for det arbeidskrevende husdyrholdet med klima og jordbunnsforhold, arealstruktur og topografi som er i landsdelen.

Stadig større del av matproduksjonen blir konsentrert i de beste jordbruksområdene i landet. Dette truer viktige nasjonale mål om matproduksjon over hele landet og Vestlandsfylka sin spesielle verdi for nasjonal identitet og reiseliv.

Næringskomiteen bør be partene om å arbeide videre med nye målretta tiltak som:

- Vestlandspakke med målretta investeringsmidler for å opprettholde flere bruk i drift.
- Vestlandet egen sone for visse produksjonstillegg, som distriktstillegg, driftstillegg og beitetilskot.
- Utvikle driftsvansketilskudd som kantsone- eller teigt tillegg for arealbaserte produksjoner.
- Andre målretta tiltak for det arbeidskrevende grovførbaserte husdyrholdet i fjord- og fjellbygdene i Sør-Norge generelt.

#### **Fakta: Produsert mengde og areal i drift går ned i dei tre Vestlands-fylka**

Arbeidsomfanget med husdyr alle dagar i året med krevjande klima og landskap, tidkrevjande innhausting og gjødselspreiing over stadig større avstandar set klare grenser for gardsdrifta på Vestlandet.

Dei tre Vestlandsfylka står for 22 % av levert kumjølke i landet, 19 % av storfekjøtet og 23 % av sauekjøtet. Fylka har 21 % av bruk i drift i landet.

På Vestlandet har siste tiåret sidan 1999 fulldyrka areal i drift gått ned med 86.000 dekar, **mest på Møre.**

Talet på mjølkekyr har gått ned med 17.500, **mest på Møre**, samla utgjør det 27% av reduksjonen på landsbasis.

Tal storfe er redusert med 18.000 dyr, og **mest på Møre**, medan talet storfe har auka på landsbasis.

Talet på vaksne sau er ned over 50.000, mest i Sogn og Fjordane, og utgjør 60% av nedgangen i landet.

Dei tre Vestlandsfylka toppar stadig sal av mjølkekvote, i 2009 med 100 av 275 bruk i landet (utgjør 36%, medan Vestlandet har 25% av bruk med kvote) – **Møre flest.**

Vestlandsfylka er mellom dei som har størst driftsulempe med omsyn til mange små jordstykke og teigar.

Vestlandsgardane ligg under landssnittet for landbruksinntekt pr årsverk.

Granskingar viser at rekrutteringa til Vestlandsgardane er meir usikker enn i andre landsdelar.

Landbruket på Vestlandet har spesielt sterk støtte i opinionen.

Møre og Romsdal er det fylket som har hatt størst tilbakegang i tildelt produksjonstillegg.

#### Andre moment som kom fram i styret:

- Reaksjonane frå delar av landet på avtala. Dagens forhandlingsopplegg kan virke både krevjande og frustrerande for organisasjonen og medlemene.
- Må arbeide vidare med kommunikasjon.
- Må vere merksam på at det er grupperingar med ei anna ideologi og som er ei stadig utfordring.
- Ein del av virkemiddelbruken er ikkje målretta nok i høve til faktisk produksjon og resultat.

#### **Vedtak:**

1 Styret sluttar seg til synspunkt på jordbruksavtala i pressemeldingar og artiklar frå fylkeslaget.

Styret konstaterer at jordbruksavtala enno ikkje har svart på utfordringa med å redusere inntektsgapet.

Styret er glad for at det vart gjennomslag for prosenttoll med høve til å auke prisen på mjølke i åra framover. Vidare med naudsynt prioritering av auka husdyrt tillegg og beitetillegg til dei låge inntektene for mjølke og andre grasbaserte produksjonar.

2 Styret slår fast at Møre og Romsdal siste tiåret:

Mellom Vestlandsfylka har hatt størst nedgang for areal i drift, tal mjølkekyr, tal storfé, og har hatt flest selde mjølkekvote. Fylket har hatt størst tilbakegang i tildelt produksjonstillegg.

3 Styret slår fast at Vestlandet ikkje har blitt prioritert med nokre særskilde tiltak i den vedtekne avtala.

Fagлага fremma krav om ein eigen investeringspakke til Vestlandet over statsbudsj. utanom avtala. Styret vil følgje opp innspel på felles saker for Vestlandet både i årsmøtet til Norges Bondelag og framfor forhandlingane 2011.

4 Styret vil oppmode Norges Bondelag om å gå ut med nokre prioriterte saker svært tidleg framfor forhandlingane og slik at fylkeslaga kan arbeide for gjennomslag heile vinteren. Det kan vere i samband med studieheftet slik at lokal- og fylkeslag kan arbeide målretta med desse sakene.

5 Styret vil arbeide vidare med krav i lag med dei andre Vestlandsfylka med sikte på å fremme det tidleg overfor Norges Bondelag.

Effektivitetsutviklinga og nye driftsmåtar er en spesiell utfordring for det arbeidskrevjnde husdyrhaldet med klima og jordbotnsforhold, arealstruktur og topografi som er i landsdelen. Stadig større del av matproduksjonen blir konsentrert i dei beste jordbruksområda i landet. Dette trugar viktige nasjonale mål om matproduksjon over heile landet og Vestlandsfylka sin spesielle verdi for nasjonal identitet og reiseliv.

Det bør bli arbeidd vidare med nye målretta tiltak som:

- Vestlandspakke med målretta investeringsmidlar for å oppretthalde fleire bruk i drift.
  - Vestlandet eigen sone for visse produksjonstillegg, som distriktstillegg, driftstillegg og beitetilskot.
  - Utvikle driftsvansketilskott som kantsone- eller teigtilllegg for arealbaserte produksjonar.
  - Andre målretta tiltak for det arbeidskrevjande grovfôrbaserte husdyrhaldet i fjord- og fjellbygdene i Sør-Norge.
6. Styret vil setje ned ei arbeidsgruppe i fylkeslaget som skal sjå på korleis vi bruker midlane og om det er muleg å bruke midlane smartare.

### 37/2010: Årsmøtet i Norges Bondelag

Utsendingar frå Møre og Romsdal er forutan fylkesleiar Inge Martin Karlsvik dei årsmøtevalde utsendingane Anne Katrine Jensen, Birgit Oline Kjerstad, Hans Frafjord, for Audun Skjervøy møter 2. Vara Gunnbjørg Trondsen, for Arne Rekkedal møter 1. vara Petter Melchior, og Janne Mork. Gunnar Wentzel deltek på årsmøtet som org.-sjef. Odd Chr. Stenerud, Giske, deltek som ordstyrar i årsmøtet.

**Vedtak:** Styret vil arbeide vidare med å fremme desse sakene ved desse utsendingane:

Generaldebatt 2 innlegg + replikkar fritt:

Innlegg 1: Vurderer tema nærare. Det kan vere om Vestlandspakke og utfordringar i visse landsdelar og om måten vi brukar rammeløyvinga på ved Inge Martin

Innlegg 2: Vi må så og gjødsle - Spisse bodskapen og prioritere nokre saker tidleg, vise til brevet til statsministeren tidleg før forhandlingane ved Birgit.

Førebudde replikkar blir vurdert framover.

Landbruksmeldinga: Anne Katrine.

Årsmelding: Hans: "Fikk lyst til å sjå i denne årsmeldinga." Skryte av tre ting i meldinga og be om at det vert arbeida vidare med ein bestemt sak. Skryte av brevet til statsministeren og prioritere arbeidet Rekneskap og budsjett: -

Kontingent: Inge Martin framlegg i Representantskapet: Vurdere fryse maks-kontingent som tek til å bli høg. Slit med å verve bruksmedlemer. Jfr årsmeldinga side 52 med nedgong i nyinnmelde bruksmedlemer kontra personlege medlemer.

### 38/2010: Open Gard 2010

Arrangørar av Open gard i Møre og Romsdal i 2010

DATO	ARRANGØR	VERTSKAP	STAD	MERKN/INFO	Repr. frå styret
22. aug	Fræna BL	Elling og Sylvi Ann Kvammen	Elnesvågen		Hans
22. aug	Surnadal BL	Solveig Haugland/Martin Gausen,	Oppistua Øye, Surnadal		Anne Katrine
22. aug	Sykkylven BL	Aure Samdrift v/Olav Asbjørnsen	Sunnaldssetra	Evt innlegg opning	Inge Martin
28. aug	Ørsta BL	Vassenden samdrift	Åmdal	LAURDAG !	Audun
5. sept	Eidsdal og Norddal BL	Eidsdal Samdrift v/Jan Trygve Veiberg	Eidsdal		Birgit

**Vedtak:** Styret vil gjerne besøke alle Open Gard og stiller då uniformert med noko materiell frå fylkeslaget og kommunebrosjyre til ein eigen enkel informasjonsstand. Har med eige lite bord evt parasoll og stol.

### **39/2010 Nytt sideordna samarbeidsselskap på eigedomsjus**

**Vedlegg:** Informasjon om det eigedomsjuridiske selskapet Dekar i Trondheim, og døme avtale.

Styret blir bede om å vurdere forslag om nytte Dekar som sideordna samarbeidsadvokat med dagens Rødstøl & Co. Dette m a for å ha eit utvida tilbod i nøre delen av fylket og auke kompetansen der jordskifte kandidatane kan vere særleg aktuelt, som kanskje skjønner. Dekar har avtale med Sau og geit og Småbrukarlaget sentralt. Sør- og Nord-Trøndelag Bondelag vurderer samarbeid.

Føresetnaden er at Rødstøl ikkje er svært negativ til det.

**Vedtak:** Styret går inn for å opprette samarbeid med det juridiske selskapet Dekar.

Føresetnaden er at det kan bli godt samordna og i forståing med samarbeidsadvokatane Rødstøl & Co.

### **40/2010 Prosjekt grovfôrbasert husdyrhald Vestlandet ved Bioforsk Vest**

**Vedlegg utdelt:** Utgreiing om prosjektet. Bioforsk Vest gjer framlegg om eit prosjekt for å sjå på utvikling, strategiar og politikktutforming for husdyrhaldet på Vestlandet. Prosjektet ønskjer samarbeide med faglagane, NILF, Bygdeforsk, Bioforsk Tingvoll og FMLA. Finansiering vil vere forskingsmidlar både frå forskingsfondet og avtala, FMLA kr 75.-100.000 og faglagane kr 10.-20.000.

**Vedtak:** Fylkesstyret er positiv til at det blir arbeid med utvikling, strategiar og politikktutforming for husdyrhaldet på Vestlandet. Fylkeslaget vil ikkje kunne bidra til prosjekt ut over evt eigeninnsats i form av deltaking i styringsgruppe.

### **41/2010 Arbeid med informasjon, rekruttering, likestilling og kompetanse**

Møre og Romsdal Bondelag har søkt fylkeskommunen om i alt kr 400.000 til gjennomføring av konkrete oppgåver innan rekruttering, likestilling og kompetanse.

Nærings- og miljøutvalet har gått inn for vårt opplegg.

#### **41.1 Informasjonsplan Møre og Romsdal Bondelag**

**Vedlegg** ajourført oversyn informasjonsplanen.

**Vedtak:** Styret merker seg framdrifta på informasjonsaksjonsplanen.

#### **41.2 Handlingsplan rekruttering, likestilling og kompetanse.**

**Vedlegg:**

Papir basert på søknad fylkeskommunen og årsmøtepapir på saka.

Brosjyre døme landbruket i kommunane.

Liste unge bønder til presentasjonsmateriell.

Arbeidsdeling fylkesstyret 2010 som eige ark.

**Vedtak:** Fylkeslaget vil be om å få inn bilete som er aktuelt å nytte i fylkeslaget sine ulike behov.

**Rekruttering:** Styret sluttar seg til framlegget til informasjonsmateriell for fylke og kommunane og viser til aktuelle namn på unge bønder i kommunane. Kontoret samarbeider med aktuelle organ for å gjennomføre planane innan dei rammene som er til disposisjon.

**Likestilling:** Kontoret samarbeider med aktuelle organ for å gjennomføre planane innan dei rammene som er til disposisjon. Styret peiker ut Birgit Kjerstad til å ha særskilt ansvar for tiltak saman med sakhandsamar Anne Turid Myrbostad.

**Kompetanse:** Kontoret samarbeider med aktuelle organ for å gjennomføre planane innan dei rammene som er til disposisjon. Styret peiker ut Anne Katrine Jensen til å ha særskilt ansvar for tiltak saman med sakhandsamar Atle Frantzen.

**42/2010 Tilskot til regionalt miljøprogram og revisjon av forskriftene**

**Vedlegg** utdelt: Framlegg nye forskrifter RMP.

**Vedtak:** Styret sluttar seg til framlegget til forskrift med eitt tillegg: Styret ønskjer at forskriftene skal krevje at dyrka og overflatedyrka jordbruksareal og beite skal vere slått eller pussa ein gong årleg. Det er ikkje minst ved slått at arealet har ein driftsulempe og tilskotet blir då meir målretta og kan utløyse ein endra praksis.

**43/2010 Referatsaker****1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving**

**Vedlegg:** Medlemstal lokallaga pr.1. juni 2010

Medlemstal 01/01-10: 3.426 Medlemstal pr.01/06-2010: 3.400 = **-26**

Nyinnmelde i 2010: 67 Utmelde: 93 (av desse 9 døde)

**2 Nytt frå lokallaga**

Leiar i Rindal, Tore Simonset, falt av hengar og brist i ryggen på to stader, heime med el-hjelpemiddel. Rindal har utviklingsfond – kraftpengar, også til landbruk – møte 20. Mai. Tingvoll har ny landbruksplan til høyring.

**3. Aktuelle saker – politiske arbeid – orienteringar**

**3.1 Inn på tunet** - Birgit Kjerstad i jury på Gjermundnes for prosjekt på elevbedrift den 8. juni. Helene Fet utfordra om det er muleg å knyte elevbedrift opp mot presentasjon i nokre av våre arrangement.

**3.2 Organisasjonssjefen refererte utviklingskrav til sin rolle basert på medarbeidarsamtale.**

- Opplæring av tillitsvalde i heile fylkesorganisasjonen, og der eit delstiktemål er å få betre resultat for medlemsutviklinga i fylket.
- Vidareutvikle delegering av arbeidsoppgåver på kontoret på både faglege og næringspolitiske saker.
- Tre saker på heimesida kvar veke i samsvar med sentrale målsettingar.

**3.3 Informasjonsarbeidet i Norges Bondelag**

Norges Bondelag ber om:

- Personar som kan stille til sommarintervju på heimesida ved å returnere svar på e-post og bilete.
- Sende lokale media framlegg til sommarreportasjar frå det som skjer i næringa.

**3.4 Økonomisk oversyn fylkeslaget pr 1. Juni – status er om lag som året før**

Fylkeskontoret ved Atle har utbetalt fondsmidlar i Bygdefolkets Studieforbund M&R med kr 174.000. Mottakarar er: Landbruk Nordvest i alt kr 50.000 med ulike fagtema. Lokale BSF-utval. Lokale Bondelag der Rindal kr 23.000 og Aure 19.000. M&R Bondelag. Studietema: Dyrevelferd storfe og sau. Praktisk HMS. Landbrukspolitikk. Våtrom.

**3.5 Kontakt med Hanen (tidl. Norsk Bygdeturisme og Gardsmat) i Møre og Romsdal 19. Mai:**

Kirste Indreeide Dale, leiar for Hanen, ønskjer på lengre sikt samtale med Bondelaget og andre aktørar om kontinuitet og langsiktig strategi for arbeidet med gardsmat- og bygdeturismesatsinga i fylket. Bondelagskontoret tidlegare sagt seg viljug drøfte sekretariatsbistand til Hanen.

**3.6 Prioriterte artar og naturtypar – innspel til Norges Bondelag**

Fylkeskontoret ved Atle har hatt ein gjennomgang til høyring frå Norges Bondelag av framlegg til forskrift for:

- Prioriterte artar – med hjemmel i Naturmangfoldloven §§ 23 og 24.
- Utvalde naturtypar - med hjemmel i Naturmangfoldloven §§ 52 – 56.

Vi konstaterer at det her er sjølve Naturmangfoldlova, samt aktuelle sektorlover og Plan- og bygningslova (eksisterande verkemidlar) som regulerer dei fleste forhold ved desse beskyttelsesformene, mens forskriftene blir meir brukt som definisjon og redskap for prioritering og utvalg.

Vi ser klart at i enkelttilfeller kan desse beskyttelsesformene vera til hinder for utøving og utvikling av tradisjonelt landbruk, og vi saknar enkel tilgang til beskrivelse av lokale konsekvensar av desse beskyttelsesformene.

Det gjenstår å sjå korleis praktiseringa blir. Dette gjeld m.a.:

- Krav om konsekvensanalyse før inngrep.
- At tiltakshavar kan påleggjast å bera kostnader med ivaretaking, skjøtsel, m.v.
- Ulike forhold knytt til meldeplikt.
- Konsekvensar for eksisterande næringsverksemd.
- Avtalar med grunneigarar og rettighetshavarar om skjøtsel.
- Om kommune og fylkesmann lykkast med informasjon om aktuelle forekomstar.
- Om tilskotsordninga som følgjer med ein handlingsplan er god nok.
- Korleis kommunen handterer muligheten til å oppretta egne utvalde naturtypar ut over det som forskrifta angir.

Når vi les at det ikkje blir forventa vesentleg meirarbeid verken for kommunar eller fylkesmenn i samband med innføring og praktisering av dette fryktar vi for at oppfølging og informasjon til grunneigarar blir marginal.

Vi reknar med at muligheten for erstatning her er ganske begrensa. Vi fryktar også at tilskot til skjøtselstiltak blir rimeleg begrensa.

### 3.7 Merknader til instruks for dyrevernemdene – økonomi og arbeidsmulegheiter

Fylkeskontoret ved Anne Turid har gjeve innspel til Norges Bondelag.

Mattilsynets budsjettmidler tildeles fra L&M dep.

Hovedkontoret i mattilsynet fordeler deretter midlene til region- og distriktskontor.

Økonomien i ei dyrevernemd vil legge føringer om hvorvidt nemda kan drive forebyggende, oppsøkende og oppfølging av arbeid for å kartlegge status for dyrehold i distrikter hvor dette er nødvendig.

Etter denne instruksen kan økonomien i ulike nemder variere og likeså muligheten til praktisk dyrevernsarbeid.

Mattilsynet skal fastsette antall nemder i regionen og antall medlemmer i nemdene.

Her kan det bli store variasjoner rundt om i landet ang. geografisk størrelse på virkeområde og dyretetthet for nemda da det ikke er gitt anbefalinger om dette.

Kommunene har forslagsrett til deltakere i nemda, og det vil kanskje bety at nemdsmedlemmer vil bli politisk oppnemnt som før om ikke mattilsynet vil legge føringer for at det skal utnemnes folk med praktisk erfaring med dyrehold og med kunnskap og interesse for dyrevelferd.

Størrelse på virkeområde og antall personer i nemda vil ha stor betydning for oppfølging av dyrevernsarbeidet.

Her er det opp til mattilsynet ut fra prioriteringer i distrikta hvordan de vil prioritere dyrevernsarbeid da det ikke er gitt tilrådinger om geografisk utstrekning, dyretetthet i område og antall medlemmer i nemda.

Ved at det kan bli snakk om store virkeområder for nemdene og ingen klar instruks om oppsøkende og forebyggende arbeid, er faren stor for at dyretragedier fortsatt vil forekomme i samme eller hyppigere grad som nå.

Nemder med lite lokal kjennskap og varierende økonomiske rammer vil ha store utfordringer med å være effektive i dyrevernsaker og vil da kunne bli mattilsynets "alibi". –( jfr.pkt. 5 om myndighet.)

Det hadde vært ønskelig med en mer konkret instruks og økonomiske rammer til fordeling etter geografisk størrelse og dyretetthet.

### 3.8 Fritak for bomavgift for traktor på Eksportvegen

Brev av 12. april 2010 frå M&R Bondelag til Statens Vegvesen og Eksportvegen A/S:

Med utgangspunkt i spørsmål frå Vestnes Bondelag ønskjer vi å sikra at bønder som har landbruksdrift langs Eksportvegen ikkje vert ramma utslakta når det vert innført bomavgift.

Vi viser m.a. til vedtak i Fylkestinget i Møre og Romsdal 16.6.09, sak T-34/09:

- I pkt 3 går Fylkestinget inn for bompengefinansiering for gjennomgangstrafikken.
- I pkt 4 ber Fylkestinget om ei ordning som gjer det muleg for dei fast busette i området rundt Tresfjorden – som ikkje nyttar brua – å kjøre mellom bygdene utan å betale ved passering av bomstasjon.
- I punkt 5 ber Fylkestinget om ei ordning som gjer fritak for å betala bompengar for lokalbefolkninga på Vågstranda ved passering av bom ved Vågetunnelen.

Vedtaket er forankra i ønskje både frå Vestnes og Rauma kommunar.

Desse momenta er tatt inn i "Trafikknotat for Tresfjordbrua og Vågstrandstunnelen" v/Statens vegvesen, region Midt. Så vidt vi kan forstå er desse momenta også lagt til grunn ved utrekning av trafikkgrunnlag og bompengesatsar.

I nevnte notat heiter det også at "Korleis ein i praksis skal få til slike fritak frå å betala bompengar som det er oppmoda om, må drøftast nærare." Det er dette vi her ønskjer å minna om, samtidig som vi ønskjer å sikra at det ikkje vert etablert bompengoordningar som legg unødige hindringar for lokal landbruksdrift.

I dette konkrete tilfellet handlar det m.a. om at bønder på Vikebukta kan ha landbruksdrift på heile strekninga innover langs austsida av Tresfjorden. På same måte kan bønder på Vestnes/Helland også ha landbruksdrift på heile strekninga innover på vestsida av fjorden. Vi ber difor om at bompengoordninga som blir etablert fangar opp denne type forhold slik at ein slepp å betala bompengar, og at ordninga vert smidig for lokaltrafikken, i samsvar med intensjonane i Fylkestinget sitt vedtak.

Vi ønskjer som nevnt no å sikra at dette vert følgt opp. På same måte vil vi gjerne sikra at nevnte forhold ligg inne som føresetnader i samband med Stortingets behandling av saka og påfølgjande Stortingsproposisjon.

Vi står gjerne til disposisjon dersom det er ønskje om ytterlegare orientering om lokalt transportbehov for landbruket i området, eller om det er ønskje om å drøfta fritaksordningar, m.v.



**Heimeside 24.03.2010: Eit sterkare fokus på rekruttering er nødvendig**

Saman med inntekt må rekruttering settast høgt opp på prioriteringslista i faglaga. Lukkast vi med desse to faktorene, vil det og styrke jordvernet. Vi må ha eit overordna mål om å sikre eit landbruk også etter oljealderen, skriv nestleiar i Møre og Romsdal Bondelag, Birgit Oline Kjerstad, i eit lesarinnlegg.

**Heimeside 26.03.2010: M&R Arbeiderparti krev skikkeleg inntektsløft for bøndene på Vestlandet**

Eit samrøystes fylkesårsmøte i Møre og Romsdal Arbeiderparti i Molde 20. og 21. mars ga sin tilslutning til vedtak med sterk støtte til landbruksnæringa, og som ei sterkt signal til partiet sentralt med statsminister og finansminister i spissen. M&R Arbeiderparti krev skikkeleg inntektsløft for bøndene på Vestlandet.

**Heimeside 25.05.2010: Lokal forfattar av Bondelagets "Mat-boka mi"**

Styremedlem i Møre og Romsdal Bondelag, fylkesleiar i Bygdekvinnelaget og husstellærar gjennom 40 år, Solveig Linge Stakkestad frå Valldal, er forfattar av det nye elevheftet frå Den grønne skolen til Norges Bondelag "Matboka mi". Barnebarna til Solveig, Eskil og Emma, er gjennomgangsfigurar i det nye elevheftet med oppskrifter som passar for barn frå 8 - 12 år.

**Heimeside 25.05.2010: Småkraft: Nytt minikraftverk i drift**

-Det var ei stor og kjensleladd hending då vi trykte på knappen og starta opp straumproduksjonen, seier kraftverkseigar Øystein Kvalvaag i Gjemnes til prosjektleiar Terje Engvik i Bondelaget sitt småkraftprosjekt. Planlegging og bygging av kraftverket har teke all ledig tid gjennom fleire år. Det er 10 år sidan dei fyrste planane for kraftverksbygging tok form. - Men no får eg att for innsatsen på fleire vis, held Kvalvaag fram. - Det ei god kjensle å sjå at anlegget fungerer og leverer rein, fornybar energi inn på nettet.

**4. Saker frå Bygdekvinnelaget****Rapport årsmøte Møre og Romsdal Bygdekvinne lag - Ålesund 10-11 april Rica Parken Hotell**

Det nye styret ser slik ut: Solveig Linge Stakkestad, Norddal leiar, Gunda Bele, Rauma nestleiar, styremedlemar: Turid Aspehjel, Norddal, Maybrit Hakstad, Surnadal og Christine Strandmann, Norddal. **Birgit Oline Kjerstad:** Årsmøtet var gjennomført med kvalitet og til inspirasjon for utsendingane. Bygdekvinnelaget er ein organisasjon i endring, og det nye mottoet som skal vedtakast på årsmøtet til sommaren er: "Bygdekvinnelaget, ein moderne møteplass."

Solveig Linge Stakkestad vart attvald som fylkesleiar for eit nytt år. Christine Sandmann som er utdanna sosiolog og busett i Fjøra vart vald inn som nytt styremedlem. Ho er oppvaksen i by men har gjennom studiar og opphald i Brasil vorte sterkt engasjert i landbrukspolitikk og bygdeutvikling. Ungdom vil i framtida ynskje å flytte ut frå byane, er hennar spådom. Føredragshaldar på laurdag var:

Kommunikasjonsrådgjevar **Bjørn Bruset**, med over 30 år fartstid i diverse landbruksorganisasjonar, snakka om organisasjonsarbeid og leiing.

Bjørn Austigard heldt eit innlegg om Havre og korndyrking i Møre og Romsdal på 17-1800 talet og utover. Det er havrens år bygdekvinnelaget i år. Han drog historiske linjer knytt til korndyrking og synte gjennom utdrag frå offentleg statistikk korleis matkulturen har endra seg frå naturalhushald til pengehushald. Overgang frå flatbrød og graut til heva brød(stump)kunne ikkje skje før folk byrja å kjøpe glutenhaldig kveite og rug frå utlandet. På grunn av jordsmonn og klima vart det på 17 og 1800 talet dyrka nesten berre havre i Møre og Romsdal.

Elles var det to trivelege møtedagar med variert innhald. Vi fekk med oss ei byvandring, leia av Turid Aspehjel i fylkesstyret og orgelkonsert med informasjon frå guide og organisten i Ålesund kyrkje. Vi vitja også glasblåseriet og trankokeriet (brukthandel) i Molovegen.

**5. Saker frå Bygdeungdomslaget****6. Referat skriv og meldingar**

**Generalforsamling 2009 i Den Norske Matfestivalen** halde i Ålesund 19. April. Jørgen Holte møtte for Bondelaget, Solveig Linge Stakkestad møtte for Bygdekvinnelaget.

Resultatet for 2009 viste eit overskot på kr. 568.210. Kåre Hanken frå Ålesund valt til ny styreleiar etter Arve Tønning, Ålesund. Nestleiar er Vanja L. Braute. Styret elles består av Jørgen Holte (Bondelaget), Jorulf Straume, Ottar Longva (Fylkesmannen), Tor Steigedal (Nortura), Solveig Linge Stakkestad (Bygdekvinnelaget), Roy S. Vedlog (Kokkelaug), Jon Grimstad og Bjarne Kjøpstad (Tine).

## 7. Referat frå møter og arrangement

### 23. mars: Møter i Oslo med stortingsrepresentantar på Mørebenken

Vestlandspakke. Økonomien i mjølkeproduksjonen. Prosenttoll på mjølk. Friske midlar over statsbudsjettet. Det var hovudsakene da Møre og Romsdal Bondelag ved fylkesleiar Inge Martin Karlsvik og organisasjonssjef Gunnar Wentzel møtte fire av stortingsrepresentantane og to rådgjevarar på Stortinget. Møtet fant stad i samband med Representantskapsmøtet i Norges Bondelag i Oslo.

Lobbyistane frå Møre og Romsdal Bondelag tok utgangspunkt i synspunkta frå dei 32 lokale Bondelaga som har uttala seg. Dei viste også til skriv frå Norges Bondelag til statsministeren den 9. mars som inneheldt dei same prioriterte sakene som fylkeslaget har gått inn for.

Senterpartiets Jenny Klinge møtte med rådgjevar Maren Lunde.

I møtet med KrF's Rigmor Andersen Eide, Næringskomiteen, og hennar rådgjevar Marit Brandt Lågøy, gjekk ein spesielt inn i forholda for mjølkeproduksjonen.

I eit forlenga møte med Oskar Grimstad frå Frp i Energi- og miljøkomiteen tok fylkeslaget også opp forslaget frå departementet om forbod mot dyrking av myr. Vidare situasjonen for småkraftverk og behovet for grønne sertifikat slik det var forventa. Bondelaget viste også til problemstillingar rundt naturforvaltninga og spesielt at økonomisk riktig inntak for småkraftverk i mange tilfelle ligg like innafor grensa for landskapsvernområde. Om rovdyrforvaltninga framheva fylkesbondelaget at Trollheimen snarast må ut av området for ynglande jerv. Oskar Grimstad vurderer å ta forholda i Trollheimen opp med Miljøvernministeren.

Siste møte var med Arbeiderpartiets Else-May Botten, Næringskomiteen. Det vart ei inngående drøfting av dei konkrete prioriteringane til Vestlandsbøndene. Fylkeslaget peika særskilt på driftstillegget i mjølkeproduksjonen som har god strukturverknad for dei mindre bruka. Vidare distriktstillegga som har garantert distriktseffekt og føl produksjonsomfang. Til sist behovet for ei eiga investeringspakke for grasbasert husdyrhald på Vestlandet slik også Norges Bondelag har bede om.

**24.-25. mars: Representantskapsmøte Norges Bondelag, Oslo.** Inge Martin Karlsvik og G Wentzel.

**25. mars: Årsmøte Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, Skaret.** Anne K Jensen møtte som utsending.

**10.-11. april: Årsmøte Møre og Romsdal Bygdekvinnelag, Ålesund,** Birgit Kjerstad, Anne Turid Myrbostad

**12. april: Møte FMLA og Landbruk Nordvest forbod mot nydyrking myr.** Karlsvik og Wentzel.

**13. april: Møte i Molde i Regiongruppa for Landbrukshelsa,** Atle Frantzen.

Sigurd Rovde, Vanylven, vart vald til leiar av fylkesgruppa, Inge Brønstad, Rindal, nestleiar. Kolbjørn Taklo er sekretær. **Vedlegg:** Skrifteleg referat frå møtet

**13.-14. april: Allskog Årsmøte.** Snåsa. Gunnar Wentzel for Molde Skogeierlag. Inga godtgjersle andelsinskot. Bente Dynnes Aarø frå Molde ny i styret etter Ola Dag Sæsbøe.

**19. april: Drøftingsmøte om utvikling av Dyregoddagane** på Batnfjordsøra, og søknad om fast tildeling av BU-midlar til tiltaket. Møtet halde på kommunehuset på Batnfjordsøra. Inge Martin Karlsvik har signalisert at vi vil gå inn for BU-støtte til Dyregoddagane i 3 år framover.

**19. april: Generalforsamling i Den Norske Matfestivalen,** Ålesund, Jørgen Holte møtte for Bondelaget, Solveig Linge Stakkestad møtte for Bygdekvinnelaget.

**21.-22. april: Norske Felleskjøp årsmøte.** Åndalsnes. Gunnar Wentzel utsending for Norges Bondelag.

**30. april: Møte med Gjemnes kommune arealsak,** Anne Katrine Jensen og Gunnar Wentzel.

**6. mai: Møte med M&R Arbeiderparti ved** fylkesleiar Trond Seth og fylkessekretær Egil T. Ekhaugen på Folkets Hus i Molde. Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel.

**28. mai: Rovviltmøte hos DN** mellom Rovviltnemnda, faglaga og statssekretær MD. Forfall.

**31. mai: Møte FMLA om Bratt Areal inn i Regionalt Miljøprogram.** Birgit Kjerstad.

Longva gjekk gjennom historikken rundt prosessen, og la spesielt på at 'driftsulemper' ikkje skulle kvalifisere for RMP tilskot. Også orientert om fordelinga av RMP for 2008, og konsekvensar av omlegginga i 2009.

- 1) Tilskot til Bratt areal blir innført som gjennomgåande ordning frå og med 2010. Dette betyr at i prinsipp vil alle som fell inn under RMP ordninga og som har jordbruksareal som er brattare enn 1:5 ha krav på tilskot.
- 2) Utmålingsreglar mv for Bratt må ta utgangspunkt i erfaringsmaterialet frå RMP1, men med tilpassingar der dette er mulig og ønskjeleg. Det er ikkje aktuelt å ta andre ordningar inn i RMP i 2010.
- 3) Ordninga blir innført for å møte 'landskapsutfordringa bratt areal', m.a.o er skal ordninga kompensere for ulemper ved drift av bratt areal, slik at meir av det bratte arealet blir halde i drift.
- 4) Ordninga med kommunevise rammer fell bort frå og med 2010. Innføring av Bratt vil legge beslag på så store ressursar at det ikkje er mulig å oppretthalde dette som parallell ordning
- 5) Ressursane som for 2009 var allokert til særskilde kulturlandskap utvald i kommunane. Rammer blir i utgangspunktet overført til Bratt. Med utgangspunkt i erfaringane frå 2008 er det venta at Bratt areal samla blir i underkant av 40 000 dekar.
- 6) Landbruksdirektøren kan gjere tilpassingar i satsar og andre utmålingsreglar. Utgangspunktet for tilpassingane skal vere opplegget rundt Bratt som var gjeldande fram til og med 2008. Landbruksdirektøren bør spesielt vurdere innslagspunktet for Bratt - ordninga, dvs kor stort areal kvar søkjar må ha før det utløyser tilskot.
- 7) Satsar og vilkår for alle ordningane kan vurderast på nytt i lys av større 'fri' ramme. Dette skjønnnet ligg til landbruksdirektøren

**1. juni: Gründercamp på Gjermundnes landbruksskole.** Nestleiar Birgit Oline Kjerstad i juryen.

**3. juni: Kurs om Naturmangfaldlova,** Molde, Atle Frantzen

Naturmangfaldloven tok til å gjelde 1. juli 2009. Ny epoke i norsk areal og naturforvaltning. Naturmangfaldloven erstattar Naturvernloven. I tillegg er det gjort endringar i 15 andre lovar. I samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning inviterte fylkesmannen kommunane og andre som bør ha interesse av å lære meir om Naturmangfaldloven til kurs.

## 8) Arbeids- og møteplan 2010

(Dato ajourført: 10. juni 2010)

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
23.-24. juni	Norges Bondelag årsmøte	Lillehammer	Utsendingar
5. – 30. juli	Fylkeskontoret felleseferie		
22. aug m m	<b>Open Gard</b>	Rundt i fylket	Lokallaga
25.-28.august	<b>Matfestivalen i Ålesund</b>		
31.8.-1.9.	Sekretariatskonferanse Norges Bondelag	Sentralt	Kontoret
3.-5. sep	<b>Dyregoddagane</b> stand	Batnfjorden	Styre og sekr
3. sept	Miniseminar om samvirke F Sandvig, Erik Berg	Batnfjorden	Gjemnes BL og fylkeslag
7./8. sept	Møte med Ap i M&R	Eide	
24. sept	Fylkesstyremøte før EU-konferanse	Molde	Styret
24.-25. Sept	<b>EU-konferanse Nei til EU M&amp;R</b>	Molde Seilet	Interesserte + fylkeslaget
5./6. (7.) Okt	Fylkesstyremøte over 2-3. dagar	Utferd	Styre og kontor. Før årsmøta
25.-27. Okt	Skattekurs	Molde Alex	Rekneskapsførarar samarb.avt.
12.-13 nov	<b>Leiar møte M&amp;R Bondelag</b>	Molde Alex	Styra i lokallaga, fylkeslaget
7.-8. des	<b>Fylkesstyremøte</b>	Skaret	Styret og kontoret
11.-12. Mars 2011	<b>Årsmøte M&amp;R Bondelag</b>	Alex Molde	Årsmøteutsendingar og gjestar
8.-9. Jun 2011	Årsmøte Norges Bondelag	Lillehammer	Årsmøteutsendingar

Audun ikkje måndagar

**Eigarskiftekurs på Stranda:** Planlagd i mars – utsett pga sjukdom

### Oversikt/invitasjonar/representasjon andre møter og arrangement:

**15. juni: Møte med fylkestinget i Geiranger kl 13.30.**

Etter invitasjon frå fylkesordførar Olav Bratland og fylkesvaraordførar Svein A. Roseth stiller det opp representantar frå Ålesund Rederiforening, Møre og Romsdal Fiskarlag og Møre og Romsdal Bondelag ved leiar. Kvar organisasjon har fått 15 minuttar til eigen presentasjon. Deretter er det høve til spørsmål frå politikarane i fylkestinget. Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel.

**24. august: Møte med Gjensidige** kl. 10-12, heile fylkeskontoret.

**25.-28.august Matfestivalen:** Fylkeslaget planlegg stand med aktivitet som kan vere traktor, konkurranse - Quiz, plakatar, banner, partytelt. Forfall: Leiar.

Daglegvaredagen – Birgit og Anne Katrine og Økologisk seminar – Anne Katrine.

Onsdag 25.: Birgit

Torsdag 26.:

Fredag 27.: Anne Katrine og Janne

Laurdag 28.: Hans

**3.-5. sept: Dyregoddagane,** M&R Bondelag påmeldt med stand, Gjemnes

Fredag 3.: Inge Martin + Anne Turid

Laurdag 4.:

Sundag 5.: Janne

**(7.) 8. Sept : Møte med Ap i fylket** på Derinngarden i Eide frå ca kl. 15. til 20.

Tema m.a. Arealforvaltning.

**28.-29. Sept: Gjensidige Vest** møte i S&Fj. Karlsvik og Wentzel.

**14.-15. Sept:** Norges Bondelag seminar Naturmangfaldlova og Regional Næringsutvikling. Leiar og org sjef.

**18./19. Okt?: Samarbeidskonferanse med LO?**

1 Frå landbruk til industri – kanskje 18.-19. Oktober eller

2 Landbruket og reiselivet – kortseminar Surnadal?

**26.-27. Okt: FMLA** Landbrukskonferansen for adm i Geiranger. Wentzel, Erlie, Frantzen.

Møtet heva kl 18.00

Gunnar K Wentzel – ref

Arild Erlie